

SAKSGANG:			
R.f.	Utval	Møtedato	Utvalssak
1	Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	13.01.05	05/05

## Barnehagelov – høyringsuttale til lovendringar

### Saksdokument:

1. Høyringsnotat av 09.11.04 frå Barne- og familiedepartementet om ny barnehagelov (ikkje utsendt)

### SAKSFRAMSTILLING:

Barne- og familiedepartementet har lagt fram forslag til ny barnehagelov. Forslaget imøtekjem behovet for ei oppdatering og forbedring av barnehagelova av 5. mai 1995 nr. 19.

Den nye lova skal styrke føresetnadane for at barnehagen kan gje barna omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Lova skal medverke til ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer i ein barnehagesektor som nærmar seg full dekning. Lovutkastet inneber ein vesentleg forenkling av eksisterande regelverk.

Administrasjonssjefen viser til orienteringa som administrasjonen gav i HOKO-møtet den 09.12.04, og etter ønske frå HOKO vart møteplanen for våren 2005 endra slik at HOKO kunne koma med ei formell uttale på høyringsdokumentet.

#### Kap. 1 : Barnehagen sitt formål og innhald

Formålet slik det er i dag vert foreslått uendra. Innhaldet byggjer på overordna samfunnsmål i det demokratiske samfunnet vårt, og som slår fast at barnehagen skal ta omsyn til barna sine ulike føresetnader som alder, kjønn, funksjonsnivå, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn. Det vert gjeve høve til lokal tilpassing og variasjon. Formidling av kultur og verdiar står i sentrum.

#### Kap 2 : Barna og foreldra sin medverknad

Det vert foreslått rett for barna til meir medverknad i barnehagen. Forslaget inneber at prinsippet om barna sin rett til medverknad i FN sin barnekonvensjon vert synleggjort i lova.

#### Kap. 3 : Ansvar og mynde

Departementet foreslår å skjerpe godkjenningssplikta, slik at det ikkje skal vera tvil om at tilbod med eit klart institusjonspreg skal vera omfatta av barnehagelova. Barnehageeigar sitt ansvar vert klårare. Barnehageeigar vert pålagt å ha ansvaret for at verksemda vert drive i samsvar med gjeldande lover og regelverk, at det vert lagt fram rekneskapsdata og relevante opplysingar, at kommunen får den informasjon som er naudsynt for å føre kontantstøtteregistrering og at det vert fastsett vedtekter.

#### Kap 4 : Generelle oppgåver og tilsyn

Fylkesmannen sin tilsynskompetanse vert noko endra. Departementet foreslår at fylkesmannen ikkje lenger skal føre tilsyn med den enkelte barnehage, men heller ha eit forvaltningstilsyn overfor barnehageeigar / kommunen. Det vert lagt opp til at barnehagesektoren skal verta rammefinansiert.

Retten til prioritet ved opptak vert foreslått utvida til også å gjelda barn det er fatta vedtak om etter barnevernlova §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Departementet vil fjerne arealnormen heilt. I dag er arealnormen på 4 kvadratmeter når barna er over 3 år, og 6 kvadratmeter når barna er under 3 år.

## Kap 5 : Personalet

Når det gjeld kompetansekrav skisserar departementet to alternativ. Det eine er å vidareføre kravet slik det er i dag, der leiar må ha utdanning som førskulelærar. Det andre alternativet er at det berre skal vera krav om at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing.

Når det gjeld resten av personale, omtalar departementet to hovudalternativ.

Det eine hovudalternativet er å vidareføre systemet slik det er i dag med forskriftsfesta krav til pedagogtettleik, med ein førskulelærar per 14 – 18 born når borna er over 3 år og ein per 7 – 9 born når borna er under 3 år. Det andre hovudalternativet er å utelate norma om pedagogtettleik og nytta eit uspesifisert krav om at bemanninga skal vera samansett av fagleg kvalifisert personale.

### **Vurdering:**

Etter ønske frå HOKO skulle administrasjonen legge fram denne saka til uttale i møte den 13. januar 2005. Kommunestyret slutta seg i møte den 14.12.04 samrøystes til ei uttale i saka, og administrasjonssjefen finn det difor naturleg å vidareføre kommunestyret si uttale i si innstilling. Høyringsfristen gjekk ut den 10.januar, og administrasjonssjefen si innstilling, og kommunestyret si uttale er sendt BFD innan fristen, med varsel om at HOKO sitt vedtak blir ettersendt etter møtet.

Administrasjonssjefen ønskjer ikkje å forstå kommunestyret si uttale om at alle barnehagar skal ha styrar og pedagogiske leiarar med førskuleutdanning som eit ønske eller pålegg om å gjera om att modellen med oppvekstsenter, som så langt ser ut til å fungere bra. Administrasjonssjefen meiner at lovverket fortsatt må gje opning for slike modellar, særleg i lokalmiljø der barne- og elevtalet ikkje er så stort. Administrasjonssjefen vil også gje uttrykk for sin tillit til dei lokale folkevalde gjennom ei nyansering av nest siste setning i uttalen. Å gjeva slepp på sentralt fastlagde normer og krav treng ikkje alltid vera negativt dersom lokalnivået har ressursar til å oppretthalde ein standard som dei lokale folkevalde ønskjer.

Det vert opp til HOKO om dei vil supplere eller presisere kommunestyret si uttale.

### **Administrasjonssjefens innstilling:**

Vi treng gode offentlege barnehagar i heile Noreg. Desse skal vera kjenneteikna av å vera trygge og vel tilrettelagde verksemder med godt kvalifisert og vel utdanna personale og med faste normer for gruppestorleik og areal. Alle barnehagar skal ha styrar og pedagogiske leiarar med førskulelærautdanning.

Framlegget til ny barnehagelov opnar for å gje kommunane stor handlingsfridom. I ein ressursituasjon der kommunane leitar etter midlar for å makte dei lovpålagde oppgåvene vert denne fridomen av heller liten verdi. "Fridomen" i lovframlegget vil saman med statlege tilskot som ikkje strekk til, på sikt utarme barnehagen som viktig samfunnsbygger. Vågå kommune ynskjer at barnehagen i framtida skal vera ein stad å lære og der fundamentet i den enkelte si utdanning vert lagt. Å gje slepp på sentralt fastlagte normer og krav til utdanna personale, slik dette lovframlegget gjer, er å utarme barnehagen sin viktige samfunnsrolle og såleis eit angrep på velferdsstaten.

Å satse på utdanning er å investere på framtida.

### **Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 13.01.2005:**

Samrøystes som innstillinga:

Vi treng gode offentlege barnehagar i heile Noreg. Desse skal vera kjenneteikna av å vera trygge og vel tilrettelagde verksemder med godt kvalifisert og vel utdanna personale og med faste normer for gruppestorleik og areal. Alle barnehagar skal ha styrar og pedagogiske leiarar med førskulelærautdanning.


Framlegget til ny barnehagelov opnar for å gje kommunane stor handlingsfridom. I ein ressursituasjon der kommunane leitar etter midlar for å makte dei lovpålagde oppgåvene vert denne fridomen av heller liten verdi. "Fridomen" i lovframlegget vil saman med statlege tilskot som ikkje

streck til, på sikt utarme barnehagen som viktig samfunnsbygger. Vågå kommune ynskjer at barnehagen i framtida skal vera ein stad å lære og der fundamentet i den enkelte si utdanning vert lagt. Å gje slepp på sentralt fastlagte normer og krav til utdanna personale, slik dette lovframlegget gjer, er å utarme barehagen sin viktige samfunnsrolle og såleis eit angrep på velferdsstaten. Å satse på utdanning er å investere i framtida.

Rett utskrift.

Går til: Det Kgl. Barne- og familiedepartement, Postboks 8036 Dep., 0030 Oslo.

Vågå, 21.01.05

  
Grethe Skogum  
sekr.